

## BALLADE OM EIN TRULAUS MANN

Ein gudlaus mann med eit trulaust smil  
Men sjølv han kan ha sine tvil  
Vi treftest i sola ved ein grøftekant  
Han snakka mykje om kva som var sant  
Om vinden som bles og om stjerner som skein  
Om kalde bekkar og solvarma stein

Han opna sekken og leitte fram  
Ei reiseniste av skuld og skam  
Han knaska på gamle nederlag  
Og sa: Det blir kanskje fleire i dag  
Det er ikkje akkurat feitande kost  
Men det er vel det som er venta av oss

Eg skrudde opp flaska og tok meg ein slurk  
Og spurde: Er du tjuv eller skurk?  
Han tok fram ein kniv og skar meg ei flis  
og sa: Du kan spørje ein narr og ein vis,  
men svara blir ofte like å sjå,  
å skilje imellom går så som så

Eg togg på eit strå, eg tenkte meg om  
Halsen var tørr, og flaska var tom  
Grusen knasa der ei vogn seig forbi  
Ein fugl på ein streng trudde nok han var fri  
"Det meste er omvendt og snudd og vrent"  
Sa ei stemme som eit ekko av det eg hadde tenkt.

Så tok han ein spegel og pussa han rein  
Og la han til rette på skrå mot ein stein  
Og sa: Sit no her og sjå kva han ser  
For han kan fortelje deg alt som skjer  
Om graset som bøyer seg mjukt under vind  
Om smilet i natta og hud og skinn

Og om bølger på havet og mode korn  
Om menn og kvinner og gamle og born  
Om livet som gjekk og døden som kom  
Om ammande mødrer og elvar i flom  
Og dette er det han har fortalt  
Det er ikkje mykje, men det er alt